

40 svarte elghundar på grusbana**27.05.2009**

Laurdag er det eit arrangement i Uskedalen som ikkje finn stad så ofte her: Elghundutstilling. Eldsjelen Anita Lie opplyser at det mellom andre er påmeldt nærmare 40 av rasen norsk elghund sort.

Dette er utstillinga i landet med flest svarte elghundar dette året. Denne rasen nyttast helst på Vestlandet i samband med hjortejakta.

Hordaland Elghundklubb er arrangør av utstillingen ved Uskedalen Oppvekstsenter.

Dette er ei tevling som går på det ytre der eksteriør/utsjånad blir bedømt. Anita Lie håpar at mange kjem for å sjå på dei fine hundane.

Hunden over er Kimber som ho eig og som vart fotografert av Atle Helland for to år sidan.